

NotatDato: 08.08.2014
Arkivsak: 2014/15306-7
Saksbehandlar: jomragn

Til: Signe Vinje

Frå: Jomar Ragnhildstveit

Innspel råstoffutvinning - skjelsand

Plankartet viser i alt fem område for uttak av skjelsand. Dei fem områda som er lagt ut i planframlegget er dei same områda som i gjeldande arealplan. På alle desse områda er det aktive skjelsandkonsesjonar.

På plankartet er områda for uttak av skjelsand lagt ut som underformål Råstoffutvinning under pbl § 11-7 nr 1 (*Bygg og anlegg*). Tilknytt føresegna til Råstoffutvinning er teken inn under arealformålet pbl § 11-7 nr 6 (*Bruk og vern av sjø og vassdrag*), der det er spesifisert at formålet er uttak av skjelsand. Det følgjer at det ikkje er samsvar mellom føresegn og plankart. Dei to alternativa med enten å leggje ut område for råstoffutvinning skjelsand under § 11-7 nr 1, eller under § 11-7 nr 6, er omhandla i rettleiaren T-1491 til kommuneplanens arealdel, etter at underformåla under § 11-7 nr 6 er gjort uttømande og ikkje lenger omfattar råstoffutvinning.

Som det står i rettleiaren til kommuneplanens arealdel (side 89), kan areal til uttak av skjelsand likevel takast inn under det generelle formålet «bruk og vern av sjø og vassdrag» og bruken kan spesifiserast nærare gjennom føresegn etter § 11-11 nr. 3, noko som synest mest naturleg no.

Vi finn ikkje planomtalen omfattar skjelsandutak, i motsetning til i gjeldande plan. Etter regelverket ligg retten til utvinning av skjelsand til staten, og opptak skjer i det «eigarlause» sjøområdet, med fylkeskommunen som delegert konsesjonsmynde for uttak i medhald av kontinentalsokkellova. Ved høyringa av planprogrammet i 2012 bad fylkeskommunen om at skjelsand vart eit tema ved denne rulleringa, noko vi konstaterer at kommunen ikkje har etterkomme.

Forslag til punkt i fråsegna:

Råstoffutvinning:

Område for uttak av skjelsand bør leggjast ut under bruk og vern av sjø og vassdrag (pbl § 11-7 nr 6), med tilhøyrande føresegn etter pbl § 11-11 nr. 3.